

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
019/26	Areal- og forvaltningsutvalet	PS	17.03.2026
040/26	Formannskapet	PS	18.03.2026

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svanhild Hjorteland Gbada	PlanID-1133_202505, Gnr/bnr-59/1, PlanNavn-Kommuneplanen sin arealdel 2027-2039, PlanType-20, K2-L10	25/1306

Kommuneplanens arealdel - Oversikt og grovsortering av innspel til planoppstart

Forslag til vedtak

Bustad og eksisterande næringar med særskild vekt på reiseliv skal prioriterast i planarbeidet framfor andre tema.

Prioritering av tema til 1.gongsbehandling:

1. **Planvask:** urealiserte regulerte felt eldre enn 15 år og urealiserte felt som har vore i kommuneplanen meir enn to planrevisjonar skal vurderast planvaskast ut, særskild planar med formål som ikkje er prioritert ift oppstillinga under.

2. **Bustad:** Innspel som inneheld forslag om bustadbygging både spreidd i LNF-område og feltutbyggingar skal KU/ROS-vurderast, og evt behov for planvask skal vurderast i lys av planreserve, forventa behov og punkt 1 over.

Med følgjande unntak:

a) for tettstaden Hjelmeland: Panorama bustadfelt og felta B2-B4 i Områdeplan Sæbø skal planvaskast ut, jf formannskapsvedtak i plansak Burmaveg. Bustadutvikling i Hjelmeland sentrum skal prioriterast til regulerte delfelt i Områdeplan sentrum, påbegynt felt B1 i Områdeplan Sæbø, regulert felt Hamrane/Tuntland og eventuelt foretetting i eksisterande felt som td. Hagahaugen.

b) for Fister: planreserven for bustad er god gjennom regulerte felt Eikehaugen, Sandvik og Solstrand, og nye innspel for bustader på Fister blir ikkje prioritert vidare. Ein tilrår å planvaske ut framtidige/urealiserte felt i kommuneplanen som td B6.

3. **Fritidsbustader:** Ikkje prioritert tema vidare. Innspel om hytter blir ikkje med til reell 1.gongsbehandling. Ein skal vurdere å planvaske ut urealiserte felt jf punkt 1 og 2 over + evt vidareføring av områda for LNF spreidd hytte avheng av vurderingar ift arealstrategi, naturmangfald,

naturfare og arealreserve.

4. Sentrumsformål/forretning: Ikkje prioritert tema i denne planrevisjon

5. Tenesteyting: vurderast i lys av kommunen sine behov for strukturendringar på omsorg og oppvekst.

6. Fritids-og turistformål (reiseliv): Prioritert formål dvs alle innspel som inneheld forslag om reiseliv skal KU/ROS vurderast, men det skal òg vurderast å planvaske ut eldre/urealiserte felt.

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, men ikkje innspela for to uttaksområda i Årdal dvs utviding Mele og Tjentland m.a. pga prioritereing andre interesser. Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye

b) Pukk/steinbrot : Innspel/tema blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare som formål byggeråstoff til reell 1.gongsbehandling, men innspelsområde Knutsvikheia blir jf plan-og bygningslova § 11-8 f) prioritert som sone med særleg omsyn mineralressurs med retningslinjer om begrensning av verksemd og vilkår for tiltak for å ivareta interessa i sona

8. Næringsverksemd/industri : Prioritert tema. Innkomne innspel om næringsverksemd skal KU/ROS-vurderast + undersøkje moglegheita for nye areal ettersom både Viganset og Svadberg har sine framtidige utfordringar.

9. Naust/småbåthamner: Ikkje prioritert tema. Nye innspel blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare.

10. Grøntstruktur - Natur, turdrag og friområde: Prioritert tema: Me skal vurdere innkomne innspel vidare, med unntak om innspel å ta ut grøntstruktur G2 langs sjøen i Hjelmelandsvågen

11. Offentlege vegar og p-plasser : Få innspel, men aktuelt med reell vurdering av desse til 1.gongsbehandling, gjeld både "ut" og "inn" i plan.

12: Akvakultur; Alle innspel og alle lokalitetar frå gjeldande plan skal KU/ROS-vurderast + vurdere endringar/flytting/utviding + planvask av "eldre" urealiserte lokalitetar frå gjeldande kommuneplan.

13. Kommunen sitt eige arealbehov skal avklarast gjennom nedsette arbeidsgrupper, og eventuelle konkrete utbyggingsområde skal KU/ROS-vurderast før evt 1.gongsbehandling.

14. Innspel frå eksterne myndigheiter, lag/organisasjonar/bygdaråd skal tas med i vurderingane til 1.gongsbehandling

Ein viser til **vedlagd tabell over innspel** som viser om det enkelte innspel går vidare eller ikkje.

Hjelmeland, den 09.02.2026

Janne Johnsen
Kommunedirektør

AFU - behandling:

Behandling:

Endringsforslag punkt 7, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Punkt 7a) endres til:

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, men ikkje innspelet for **det eine av uttaksområda** i Årdal dvs utviding Mele m.a. pga prioritereing andre interesser. Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye.

Melding til Formanskapet, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Dersom FSK endrer vesentlig på grovsortering i forslag frå AFU ber AFU om å få saka til behandling i kommunestyret 9. april.

Kommuneplan , foreslått av Sven Gil Westersjø, Arbeiderpartiet

Kommuneplanens arealdel - under pkt 2 bustadområde - Innspel 78 og 121 på Fisterhammaren vert prioritert vidare.

Tilleggsforslag til 1. gongsbehandling, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Innspel til byggeråstoffplan om massedeponi på Ingvaldstad skal vurderes/utredast til 1. gongs behandling av kommuneplanens arealdel.

Endringsforslag frå Arthur Fjeldheim Egeland (SP)

Punkt 7a) endres til:

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, men ikkje innspelet for **det eine av uttaksområda** i Årdal dvs utviding Mele m.a. pga prioritereing andre interesser.

Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye.

Røysting:

Endringsforslag til Fjeldheim Egeland vedteken mot en stemme (Sværen, SV).

Tilleggsforslag Sven Gil Westersjø (AP)

Kommuneplanens arealdel - under pkt 2 bustadområde - Innspel 78 og 121 på Fisterhammaren vert prioritert vidare.

Røysting:

Endringsforslag til Gil Westersjø samrøystes vedteken.

Tilleggsforslag frå Arthur Fjeldheim Egeland (SP)

Innspel til byggeråstoffplan om massedeponi på Ingvaldstad skal vurderes/utredast til 1. gongs behandling av kommuneplanens arealdel.

Røysting:

Endringsforslag til Gil Westersjø samrøystes vedteken.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt forslag med tilleggssforslag samrøystes vedteken.

AFU - vedtak:**Forslag til vedtak**

Bustad og eksisterande næringar med særskild vekt på reiseliv skal prioriterast i planarbeidet framfor andre tema.

Prioritering av tema til 1.gongsbehandling:

1. **Planvask:** urealiserte regulerte felt eldre enn 15 år og urealiserte felt som har vore i kommuneplanen meir enn to planrevisjonar skal vurderast planvaskast ut, særskild planar med formål som ikkje er prioritert ift opplistinga under.

2. **Bustad:** Innspel som inneheld forslag om bustadbygging både spreidd i LNF-område og feltutbyggingar skal KU/ROS-vurderast, og evt behov for planvask skal vurderast i lys av planreserve, forventa behov og punkt 1 over.

Med følgjande unntak:

a) for tettstaden Hjelmeland: Panorama bustadfelt og felta B2-B4 i Områdeplan Sæbø skal planvaskast ut, jf formannskapsvedtak i plansak Burmaveg. Bustadutvikling i Hjelmeland sentrum skal prioriterast til regulerte delfelt i Områdeplan sentrum, påbegynt felt B1 i Områdeplan Sæbø, regulert felt Hamrane/Tuntland og eventuelt foretetting i eksisterande felt som td. Hagahaugen.

b) for Fister: planreserven for bustad er god gjennom regulerte felt Eikehaugen, Sandvik og Solstrand, og nye innspel for bustader på Fister blir ikkje prioritert vidare. Ein tilrår å planvaske ut framtidige/urealiserte felt i kommuneplanen som td B6.

3. **Fritidsbustader:** Ikkje prioritert tema vidare. Innspel om hytter blir ikkje med til reell 1.gongsbehandling. Ein skal vurdere å planvaske ut urealiserte felt jf punkt 1 og 2 over + evt vidareføring av områda for LNF spreidd hytte avheng av vurderingar ift arealstrategi, naturmangfald, naturfare og arealreserve.

4. **Sentrumsformål/forretning:** Ikkje prioritert tema i denne planrevisjon

5. **Tenesteyting:** vurderast i lys av kommunen sine behov for strukturendringar på omsorg og oppvekst.

6. **Fritids-og turistformål (reiseliv):** Prioritert formål dvs alle innspel som inneheld forslag om reiseliv skal KU/ROS vurderast, men det skal òg vurderast å planvaske ut eldre/urealiserte felt.

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, *(endring som følgd:) men ikkje innspelet for **det eine av uttaksområda** i Årdal* dvs utviding Mele og Tjentland m.a. pga prioritering andre interesser. Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye

b) Pukk/steinbrot : Innspel/tema blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare som formål byggeråstoff til reell 1.gongsbehandling, men innspelsområde Knutsvikheia blir jf plan-og bygningslova § 11-8 f) prioritert som sone med særleg omsyn mineralressurs med retningslinjer om begrensning av verksemd og vilkår for tiltak for å ivareta interessa i sona

8. Næringsverksemd/industri : Prioritert tema. Innkomne innspel om næringsverksemd skal KU/ROS-vurderast + undersøkje moglegheita for nye areal ettersom både Viganset og Svadberg har sine framtidige utfordringar.

9. Naust/småbåthamner: Ikkje prioritert tema. Nye innspel blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare.

10. Grøntstruktur - Natur, turdrag og friområde: Prioritert tema: Me skal vurdere innkomne innspel vidare, med unntak om innspel å ta ut grøntstruktur G2 langs sjøen i Hjelmelandsvågen

11. Offentlege vegar og p-plasser : Få innspel, men aktuelt med reell vurdering av desse til 1.gongsbehandling, gjeld både "ut" og "inn" i plan.

12: Akvakultur; Alle innspel og alle lokalitetar frå gjeldande plan skal KU/ROS-vurderast + vurdere endringar/flytting/utviding + planvask av "eldre" urealiserte lokalitetar frå gjeldande kommuneplan.

13. Kommunen sitt eige arealbehov skal avklarast gjennom nedsette arbeidsgrupper, og eventuelle konkrete utbyggingsområde skal KU/ROS-vurderast før evt 1.gongsbehandling.

14. Innspel frå eksterne myndigheiter, lag/organisasjonar/bygdaråd skal tas med i vurderingane til 1.gongsbehandling

Ein viser til **vedlagd tabell over innspel** som viser om det enkelte innspel går vidare eller ikkje.

Kommuneplanens arealdel - under pkt 2 bustadområde - Innspel 78 og 121 på Fisterhammaren vert prioritert vidare.

Innspel til byggeråstoffplan om massedeponi på Ingvaldstad skal vurderes/utredast til 1. gongsbehandling av kommuneplanens arealdel.

Dersom FSK endrer vesentlig på grovsortering i forslag frå AFU ber AFU om å få saka til behandling i kommunestyret 9. april.

Formannskapet 040/26

FSK - behandling:

Behandling:

Endring, foreslått av Ståle Halsne, Kristelig Folkeparti

Første setning under bokstav a) i punkt 2 tas ut. Panorama bustadfelt og felta B2-B4 i områdeplan Sæbø skal dermed ikkje planvaskast ut.

Endring, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

2. Bustad:

Innspill 118: utviding av bustadfelt Puntsnes tas med i vurderingene pga prioritering bustad.

Arbeid med næringsareal, foreslått av Anita Husøy Riskedal, Senterpartiet

Det vert sett ned ei politisk referansegruppe som skal vere ein ressurs i arbeidet med næringsareal.

Gruppa skal bestå av gruppeleiarar og ordførar.

Endring pukk/steinbrot, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

Pukk/steinbrot : Innspel/tema blir med i KU/ROS-vurdert vidare som formål byggeråstoff til reell 1.gongsbehandling. (Knutsvik)

Endringsforslag punkt 7, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Punkt 7a) endres til:

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, men ikkje innspelet for det eine av uttaksområda i Årdal dvs utviding Mele m.a. pga prioritering andre interesser. Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye.

Nytt punkt, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Innspel til byggeråstoffplan om massedeponi på Ingvaldstad skal vurderes/utredast til 1. gongsbehandling av kommuneplanens arealdel.

Kommuneplan, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Kommuneplanens arealdel - under pkt 2 bustadområde - Innspel 78 og 121 på Fisterhammaren vert prioritert vidare.

Føreslått av Sven Gil Westersjø og vedteke i AFU.

Følgjande reiste spørsmål om sin habilitet:

- Solveig Romsø Øye, SP
- Arthur Fjeldheim Egeland, SP
- Anna Lena Kleppa, SP

Dagfinn Svadberg Hatløy, SP

Alle vart røysta gilde (samrøystes) men må gå i frå om behandlinga rører ved deira innspel, eller interesser, (delvis habilitet). Tre vararepresentantar er kalla inn som kan tre inn ved behov.

Ordføraren ber om eit temamøte om kommuneplanen sin arealdel i god tid før 1. gongsbehandling av saka. Sakspapira må sendast ut i god tid før temamøtet.

Røysting:

Endringsforslag frå Halsne, KrF, Bustad Panorama bustadfelt /Sæbø: **Falt** mot 3 røyster (KrF og H stemte for)

Endringsforslag frå Munthe, H - 118 Bustad Pundsnes: **Falt** mot 4 røyster (H, KrF og AP stemte for)

Endringsforslag frå Munthe, H - Endring 7b Pukk / steinbrot: **Falt** mot 4 røyster (H, AP og A Riskedal (SP) stemte for)

Tilleggsforslag frå A. Riskedal, SP - Politisk referansegruppe: **Vedteke** med 8 mot 1 stemme (Kleppa (SP))

Endringsforslag frå Egeland, SP og AFU, :

- 7a) Sand og grus Tjentland: **Vedteke** med 8 mot 1 stemme (Kleppa, (SP))
- Nytt punkt massedeponi Ingvaldstad: **Samrøystes vedteke**
- Bustadfelt Fisterhammaren: **Samrøystes vedteke**

Heile saka med vedtekne endringar: **Samrøystes vedteke**

FSK - vedtak:

Bustad og eksisterande næringar med særskild vekt på reiseliv skal prioriterast i planarbeidet framfor andre tema.

Prioritering av tema til 1.gongsbehandling:

1. **Planvask:** urealiserte regulerte felt eldre enn 15 år og urealiserte felt som har vore i kommuneplanen meir enn to planrevisjonar skal vurderast planvaskast ut, særskild planar med formål som ikkje er prioritert ift opplistinga under.
2. **Bustad:** Innspel som inneheld forslag om bustadbygging både spreidd i LNF-område og feltutbyggingar skal KU/ROS-vurderast, og evt behov for planvask skal vurderast i lys av planreserve, forventa behov og punkt 1 over.

Med følgjande unntak:

a) for tettstaden Hjelmeland: Panorama bustadfelt og felta B2-B4 i Områdeplan Sæbø skal planvaskast ut, jf formannskapsvedtak i plansak Burmaveg. Bustadutvikling i Hjelmeland sentrum skal prioriterast til regulerte delfelt i Områdeplan sentrum, påbegynt felt B1 i Områdeplan Sæbø, regulert felt Hamrane/Tuntland og eventuelt foretetting i eksisterande felt som td. Hagahaugen.

b) for Fister: planreserven for bustad er god gjennom regulerte felt Eikehaugen, Sandvik og Solstrand, og nye innspel for bustader på Fister blir ikkje prioritert vidare. Ein tilrår å planvaske ut framtidige/urealiserte felt i kommuneplanen som td B6.

3. **Fritidsbustader:** Ikkje prioritert tema vidare. Innspel om hytter blir ikkje med til reell 1.gongsbehandling. Ein skal vurdere å planvaske ut urealiserte felt jf punkt 1 og 2 over + evt vidareføring av områda for LNF spreidd hytte avheng av vurderingar ift arealstrategi, naturmangfald, naturfare og arealreserve.

4. **Sentrumsformål/forretning:** Ikkje prioritert tema i denne planrevisjon

5. **Tenesteyting:** vurderast i lys av kommunen sine behov for strukturendringar på omsorg og oppvekst.

6. **Fritids-og turistformål (reiseliv):** Prioritert formål dvs alle innspel som inneheld forslag om reiseliv skal KU/ROS vurderast, men det skal òg vurderast å planvaske ut eldre/urealiserte felt.

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, men ikkje innspelet for det eine av uttaksområda i Årdal dvs utviding Mele m.a. pga prioritering andre interesser. Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye.

b) Pukk/steinbrot : Innspel/tema blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare som formål byggeråstoff til reell

1.gongsbehandling, men innspelsområde Knutsvikheia blir jf plan-og bygningslova § 11-8 f) prioritert som sone med særleg omsyn mineralressurs med retningslinjer om begrensning av verksemd og vilkår for tiltak for å ivareta interessa i sona

8. Næringsverksemd/industri : Prioritert tema. Innkomne innspel om næringsverksemd skal KU/ROS-vurderast + undersøkje moglegheita for nye areal ettersom både Viganset og Svadberg har sine framtidige utfordringar.

9. Naust/småbåthamner: Ikkje prioritert tema. Nye innspel blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare.

10. Grøntstruktur - Natur, turdrag og friområde: Prioritert tema: Me skal vurdere innkomne innspel vidare, med unntak om innspel å ta ut grønntstruktur G2 langs sjøen i Hjelmelandsvågen

11. Offentlege vegar og p-plasser : Få innspel, men aktuelt med reell vurdering av desse til 1.gongsbehandling, gjeld både “ut” og “inn” i plan.

12. Akvakultur; Alle innspel og alle lokalitetar frå gjeldande plan skal KU/ROS-vurderast + vurdere endringar/flytting/utviding + planvask av “eldre” urealiserte lokalitetar frå gjeldande kommuneplan.

13. Kommunen sitt eige arealbehov skal avklarast gjennom nedsette arbeidsgrupper, og eventuelle konkrete utbyggingsområde skal KU/ROS-vurderast før evt 1.gongsbehandling.

14. Innspel frå eksterne myndigheiter, lag/organisasjonar/bygdaråd skal tas med i vurderingane til 1.gongsbehandling

Ein viser til **vedlagd tabell over innspel** som viser om det enkelte innspel går vidare eller ikkje.

Kommuneplanens arealdel - under pkt 2 bustadområde - Innspel 78 og 121 på Fisterhammaren vert prioritert vidare.

Innspel til byggeråstoffplan om massedeponi på Ingvaldstad skal vurderes/utredast til 1. gongsbehandling av kommuneplanens arealdel.

Samandrag

Saka handlar om korleis arbeidet med revisjon av kommuneplanens arealdel skal prioriterast framover, nå særskilt ift innkomne innspel. Det er eit stort og omfattande planarbeid og gjeld alt areal i Hjelmeland, land og sjø. Gjeldande plan er frå 2019. Kommuneplanens samfunnsdel blei vedtatt i juni 2025 og denne gir føringar for arealdelen i form av satsingsområde, mål og arealstrategi.

Det er kommunen sjølv som vel kor me legg lista i forhold til grad av revisjon. Me kan velje å gå for ein “full revisjon” av alle formål og all tekst/føresegner. Eller me kan velje å prioritere enkeltvis tema/formål i planen, eller ein kan til og med vedta ny plan omtrent som gjeldande. Men samfunnet utviklar seg med nye behov og fokus, òg Hjelmeland . Og det er tydelege nasjonale føringar og forventningar til kommunal planlegging. Ei av forventningane er “**planvask**” - dvs ei forventning om at me ryddar i planen ift gamle, urealiserte område som ikkje tilfredsstiller dagens krav til planlegging td

ift kunnskapsgrunnlag.

Til planoppstart har det kome 137 innspel, sjå vedlagd nummererte oversikt i Excell-tabell, og link til innspela på kommunen si nettside: <https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/planar-og-kunngjeringar/planar-og-styringsdokument/kommuneplanar-under-arbeid/arealdel/>
(Ved bruk av edge nettlesar kan du søkje på innspelsnummer)

Av innspela er ein god del eigentleg **“merknader”** til andre sine innspel. Det innspelet som har fått mest merknader er innspel 107 frå Mibau Stema om steinbrot Knutsvikheia på Jøsneset; til det innspelet har det kome snautt 40 merknadskriv med protest. Alle desse er i oversikten lista opp som “innspel”. Same gjeld td innspel 104 frå Heidelberg om sanduttak Mele i Årdal, der det er kome ca 8 merknadskriv imot sanduttaket. Desse er òg registert som “innspel” i oversikten - men er eigentleg merknader.

Kommunedirektøren rår til at **det må prioriterast i tema/formål** i planen framover. Dersom ein skal kome i mål med ein plan innan hausten 2027 er dette naudsynt. Det betyr at nokre tema får mindre merksemd enn tidlegare, som td formål fritidsbustader. Prioriteringa heng primært saman med føringar i arealstrategien og nasjonale føringar for denne type planarbeid og arealreserven i gjeldande planar + forventa behov for utvikling.

Vedlagd ligg ein **tabell med oversikt** over alle innkomne innspel, vurdert ift sosial, økonomisk og miljømessig arealstrategi og oppsummert med ei tilråding med fargekode: grønt prioriterast vidare til 1.gongsbehandling og oransje: prioritertast ikkje med vidare i planarbeidet. Tilrådinga i saka er inndelt etter formål i planen, med same konklusjon som for enkelte innspel i tabellen.

Kommunedirektøren tilrår at innspel om bustadbygging (i felt og LNF spreidd) og eksisterande næringar med særskild fokus på reiseliv blir prioritert.

Det er viktig å påpeike at sjølv om innspel nå blir prioritert med vidare til KU/ROS-vurdering til er det ingen automatikk i at dei dermed blir tilrådd i reell 1.gongsbehandling av planen. Resultat av KU/ROS og meir heilskapleg vurdering av nasjonale føringar/arealstrategi blir då lagt til grunn for eventuell ytterlegare “siling”. Det blir ikkje lagt opp til høyring av resultatet frå denne første grovsilinga. Offentleg ettersyn og høyring kjem etter reell 1.gongsbehandling.

Partar i saka:

Kommuneplanen sin arealdel er ein oversiktsplan, og det er såleis ingen direkte partar. Men planen omhandlar alt areal i heile kommunen, og er såleis viktig for alle. Innspelsrunden etter oppstartsvarsel viser at det er stort engasjement kring i arealbruksutviklinga i Hjelmeland. Ikkje krav til direkte varslingsom for reguleringsplanar.

Fakta

Kommuneplanens arealdel. Arealdelen er ein plan for bruk og vern av alt areal i Hjelmeland kommune, land og sjø. Planen avgjer kva formål dei ulike areala skal ha, og planen blir juridisk bindande for arealbruken. Arealdelen skal følgje opp måla for samfunnsutvikling som er sett i Kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-37, vedtatt av kommunestyret 12.juni 25, og då med særskild oppfølging av kap 5 i samfunnsdelen: Arealstrategien. Planen skal òg samordnast med pågåande Kommunedelplan for naturmangfald og Kommunedelplan byggeråstoff, vedtatt september 25, samt nasjonale føringar og forventningar til arealplanlegging. Planarbeidet skal skje i tråd med vedtatt planprogram, med justeringar/presiseringar omtalt i formannskapssak 102/25, 27.08.25. Målet er ein vedtatt plan hausten 2027.

Prosess så langt

- **Juni 2025:** Kommuneplanen samfunnsdel blei vedtatt av kommunestyret, inkludert kap 5: Arealstrategi, som gir føringar og er den raude tråden inn i arbeidet med kommuneplannens arealdel
- **August 2025:** oppstartssak formannskapet, 102/25, 27.08.25, med ein justert framdriftsplan med mogleg fredigstilling av planarbeidet i mars 2027.
- **Start september 2025:** kunngjering oppstart planarbeidet, og "opning av innspelsvindaug" fram til 10 desember.
- **September- oktober 2025:** Sju grendevise informasjonsmøter: Hjelmeland, Årdal, Fister, Randøy, Vormedalen, Jøsneset og Jøsenfjorden + møter med næringsdrivande og andre. Td hadde me "open kontordag" fleire dagar i oktober; då fleire kom innom for å få informasjon om prosessen og innspel.
- **Oktober-November 2025:** interne arbeidsgrupper i kommunen, møter med verksemdar/organisasjonar og næringsdrivande, td infomøte med havbruksnæringa.
- **10. desember 25:** frist for innspel

Oversikt innspel

Det er lagt ved ein excell- tabell over alle registrerte innspel, tilsaman 137. I vurderingsdelen nedanfor er det gjort ein vurdering av formål for formål i planen, der ein kjem med ein tilråding for kvart av desse.

I excell-tabellen med enkeltinnspela er det òg føreteke ei grov vurdering av ift den vedtekne arealstrategi, inndelt etter sosial berekraft, økonomisk berekraft og miljømessig berekraft og òg i lys av nasjonale føringar (og tankar om planvask). Tabellen har òg ein konklusjon ift tilråding for grovsiling av dei enkelte innspela.

Tanken i denne "sile-saka" er altså at innspela tematisk blir vurdert ut frå nasjonale føringar/forventningar samt vedtekne mål i samfunnsdelen og føringane i arealstrategien - pluss me ser det i lys av den kapasitet me i kommunen har ift å kunne handtere prioriterte mål i planprosessane vidare. Oppsummert vil dette vere med på å legge lista ift. grovsiling av innspela.

Vurderinga av innspela skjer såleis i to trinn: 1) ei "grovsiling" nå ift strategi og føringar og for dei som "går vidare" til reell 1.gongsbehandling 2) ei eiga KU/ROS til 1.gongsbehandling av planforslaget, der ein politisk konkret tek stilling til kva som skal følgje planforslaget ut til offentleg ettersyn og ikkje.

Dette betyr, og det er viktig, at **sjølv om eit innspel blir silt med vidare i denne saka, er det ikkje garanti for at det blir eit "ja"- innspel til reell 1.gongsbehandling.** Det vil den vidare, og meir konkrete KU/ROS-vurderinga vere med å avgjere.

Kunnskapsgrunnlag:

Ei av føringane i arealstrategien er at for nye byggeområde *"skal det føreliggja eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om naturfare og naturmangfald. Dette skal liggja føre når utbyggingsforslag vert sendt kommunen"*. Det er dei færreste, om nokon (?), som oppfyller dette kravet. Svært mange har ikkje svart ut verken i forhold til naturfare eller naturmangfald. Dersom dette i seg sjølv skulle vere eit "sile-kriterie" vil svært mange falle ut. Dei innspel som "går vidare" kan forventast krav om ytterlegare kunnskapsgrunnlag td i form av grundigare KU, ROS eller naturkartlegging før endeleg innarbeiding i eit planforslag. Tanken var at det skulle vere ein viss kvalitet på innspel for tiltak og utbyggingsområder, om dei skal kunne bli vurdert tatt inn i planen. Administrasjonen utarbeidde eit skjema med rettleiing for dette bruk, og kravet var mellom anna at innspela måtte kartfestast og forklarast. Det blei lagt opp til at forslagsstillar sjølv skulle gjere ei vurdering av sitt innspel ift. dei kriterier angitt i skjemaet (herunder forhold til vedtekne mål i arealstrategien) og ei vurdering av

konsekvensar og risiko. Det er stor variasjon i både type innspel og innhald i desse. Enkelte innspel er gode i den forstand at dei er godt skildra, kartfesta og vurdert, medan andre er nokså tynt dokumentert. Det kan nok godt hende at skjema til dette bruk kunne vore betre utforma, som kan vere noko av årsaken for variabel kvalitet.

Generelt ser ein at det er stort behov for meir omfattande utgreiingar til dei utbyggingsforslaga ein eventuelt vel å ta med vidare. Det kan vere at mange "scorar" godt ift arealstrategien, men dårleg i forhold til kunnskapsgrunnlag. Dersom me skal sile alle desse med vidare, kan det vere at det er hensiktsmessig å kontakte dei enkelte og be om meir/betre dokumentasjon for reel vurdering av konkret innspel. Uansett er det eit omfattande arbeid som gjenstår etter grovsilinga og fram til reelt planforslag, og det i seg sjølv er god grunn til gjere tydelege prioriteringar og ikkje ta med alt.

Vise til brev frå Statsforvaltar om kva kommunen kan forlange av utgreiingar frå tiltakshavar?

Lovar, føresegner, rundskriv

Kommuneplanen sin arealdel er heimla i plan- og bygningslova kap. 11. Alle kommunar er pålagd å ha ein slik plan, og denne har lovgitte krav til prosess og framstilling, og blir juridisk bindande for arealbruk framover.

Økonomiske konsekvensar

Arbeid med kommuneplanen sin arealdel er både tid-og ressurskrevjande, men planvedtaket i seg sjølv har ingen økonomisk konsekvens for kommunen. Planprogrammet legg opp til at administrasjonen skal utføre mesteparten av planarbeidet med eigne ressursar, primært på avdeling Plan og forvaltning. Dette vil medføre mykje ekstraarbeid og vil nok til tider "lamme" anna pågåande ordinær saksbehandling. Det er særskild KU/ROS- arbeidet og vurderingar som er krevjande, i tillegg til det informasjon- og medverknadsopplegg som plan-og bygningslova legg opp til ift slike planprosessar. Naturkartlegging skal utførast, og det er søkt om midlar frå Miljødirektoratet til dette arbeidet. Det kan òg bli aktuelt med noko innleigd konsulenthjelp ift utgreiingar/planvask innfor ramma i vedtatt budsjett.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

- **Kommuneplanens sin Arealdel 2019-2031** blei vedtatt av Hjelmeland kommunestyre 11.04 og 02.10.2019. Det er denne planen som nå blir revidert.
- **Kommuneplanen sin samfunnsdel:** Vedtatt av kommunestyret i juni 2025, med tilhøyrande kap 5. **Arealstrategi** - som skal gi føringar for det vidare arbeidet med arealdelen
- **Kommunedelplan for byggeråstoff**, Vedtatt av kommunestyret juni 2025: gir føringar for komande arealdel for vurdering av innspel og planvask
- **Kommunedelplan for naturmangfald:** pågåande planarbeid, har vore på høyring, snart klar for endeleg behandling, vil òg gi føringar for vurdering av innspel og planvask.
- **Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027**

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø

Dette er sentrale tema i dette planarbeidet, og det er krav om eit grundig kunnskapsgrunnlag, vurderingar etter naturmangfaldlova og konsekvens-og risikovurderingar av innspel som ein vurderer inn i planen. Dette er omfattande arbeid, då alle forslag til nye utbyggingsområde krev slike utgreiingar.

Mange av innspela /merknadane til planarbeidet handlar om **bekymring for natur- og miljøverdiar både på land og i sjø**. Innspelsoversikten viser ein stort engasjement mot både steinbrot, akvakultur/oppdrett, sanduttak og òg enkelte industriltak (som td arealbruken Viganeset) .

Argument ift naturverdiar og miljøomsyn er gjennomgåande; tap av natur, svekking av naturinteresser, miljøpåverknad ift forureining, støy, lys, lyd, omsyn til berekraft oa. Bekymringa går både på store, irreversible landskapsinngrep (som steinbrotet) men òg påverknad på miljøverdiar;

som t.d. fiskeslam frå oppdrett og steinstøv frå steinbrot. Det er òg bekymring for kor berekraftig desse arealkrevjande næringane er på sikt. Det er påfallande større engasjement kring dette tema enn i tidlegare planrevisjonar.

Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne


Dette er òg viktige tema planarbeidet, og vil òg bli vurderingstema i konsekvensutgreiingane KU av alle innspel om utbyggingstiltak ein vil ha inn i planen. Tema folkehelse blir vekta tungt for dei som engasjerer seg mot store/arealkrevjande næringar som td. oppdrett og steinbrot. Mange er bekymra for reelle ulemper som td. støy, støv, forureining, trafikk - som kan gi redusert livskvalitet i bu-/fritidsbustadområdet og svekka rekreasjonsverdiar. Det er generelt lite innspel spesifikt frå ulike aldersgrupper som td. barn og eldre, men ift. steinbrotet i Knutsvik er det kome to uttalar frå barn.

Vurdering av universell utforming

Kravet til universell utforming blir òg eit vurderingstema, kanskje spesifikt knytt til eventuelt nye bustad-og næringsområde.

Innkome innspel til varsel om oppstart av planarbeid

Kommunen kunngjorde planoppstart hausten 2025, med frist for innspel til planarbeidet 10.desember 2026. Det er registrert 138 innspel til planarbeidet. Dei aller fleste er innafor fristen, og alle postført og lista opp i tabellform



Skissa over gir eit grovt visuelt bilde på omfang og plassering ift innspel. Den viser at mesteparten av innspela kjem langs kystsona der folk bur/ferierar, men det er òg nokre spreidde innspel frå heiområda.

Svært mange av innspela er eigentleg **merknader til andre sine innspel** som td: merknader til innspel om steinbrot Knutsvikheia, merknader til innspel om sanduttak Mele, Årdal, merknader til akvakulturlokalitetar Breivik/Valvik og Sigmundstad. Desse er likevel lista opp som eit "innspel".

Innspela er geografisk lokalisert og teikna inn i vår kartbase

Kommunekart: <https://www.kommunekart.com/klient/hjelmeland/grunnkart> Slå på innspel i høgre-meny. Nummer innspel må stå på. Sorter på type innspel: "inn" og "ut" og "merknader"

Innspela er å finne på kommunen si nettside:

<https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/planar-og-kunngjeringar/planar-og-styringsdokument/kommuneplanar-under-arbeid/arealdel/>

Sjå vedlagd **tabell over alle innspel**: her er innspela vurdert ift sosial, økonomisk og miljømessig arealstrategi og oppsummert med ei tilråding med fargekode: grønt prioriterast vidare til 1.gongsbehandling og oransje: prioritert ikkje med vidare i planarbeidet.

Kven har det kome innspel frå?

1. Eksterne planmyndigheiter

Statens Vegvesen, NVE, Rogaland Fylkeskommune, Kystverket, Mattilsynet,

Kommentar: Innspel frå desse er stort sett ikkje konkrete, men handlar om dei nasjonale føringane til denne type overordna planarbeid. Dette er ei påminning til kommunen, og dette er relevant å ta med i det vidare planarbeidet ved vurdering av enkeltinnspel/tema til reell 1.gongsbehandling.

2. Næringsdrivande

Det har kome konkrete innspel frå havbruksnæringa: Sterling White Halibut, Grieg Seafood og Mowi , frå råstoffnæringa: Heidelberg og Mibau Stema og frå fleire i landbruksnæringa. Det har òg kome innspel om reiselivsrelatert næring og representantar for utbygging; som td Tønnevik AS; Hjelmeland Tomteutvikling, Ryfylke trelast.

Kommentar: Næring er eit satsingsområde jf kommuneplanen sin samfunnsdel. Det kan medføre at det kan bli relevant å ta denne type innspel med vidare for reell vurdering, òg sjølv om enkelte innspel kan "score" feil ift enkelte arealstrategiar. Det betyr ikkje at det er automatikk i at alle desse innspela blir tilrådd til reell 1.gongsbehandling/offentleg ettersyn, men at det kan foretas ei meir konkret vurdering. Sjå vurderingsdel under

3. Lag /organsisasjonar

Hjelmeland bondelag, Næringsforeningen Stavanger, Fortidsminneforeningen avd Ryfylke, Forum for natur og friluftsliv, Norges Miljøvern,

Kommentar: Desse er opptekne av kvar sine fokusområder, og òg her ligg det ein god del interesse motsetnader, som gjerne går på utvikling kontra vern. Dei fleste av desse kjem med generelle innspel, men òg konkrete merknader til andre sine innspel og/eller innspel til område som bør **ut av planen** for å ivareta andre interesser, som td ein god del konkrete innspel frå Forum for natur og friluftsliv - eller konkrete innspel om område som bør **inn i planen**: som td frå Stavanger næringsforening.

5. Bygderåd og velforeningar og andre grupperingar i befolkninga

Det er kome innspel frå grendeutvala på Fister, Årdal, Jøsenfjorden, Jøsneset, Randøy. Desse varierar litt i i form, innhald og tema. Nokre har heilt konkrete innspel om nye utbyggingstiltak som camping Fister. Andre har synspunkt på tema i gjeldande plan; som td Randøy og Jøsneset. Årdal har referert frå innspel som er komne på lokalt folkemøte og omhandlar fleire tema.

Kommentar: På same måte som frå eksterne planmyndigheiter, finn ein det relevant at tema som grendalaga er opptekne av "går vidare" til reel 1.gongsbehandling: som akvakultur, camping,

bustadplanlegging, industri. Det betyr ikkje at alt det dei er opptekne av og ønskjer blir innarbeidd i planen, men innspela vil bli ein del av vurderingsgrunnlaget og vil følgje planen til reell behandling.

6. Velforeningar

Ein ser at arealbruk engasjerer og det er etablerte grupperingar i befolkninga som går saman om felles innspel, gjerne knytt til konkrete område; som akvakultur Fister, industriformål Viganeset, steinbrot Jøsneset, akvakultur Breivik/Valvik som td Lysåsen velforening, Askvik velforening, Redd Jøsneset, Kleiva vel (i Suldal kommune) mfl. Fleire av desse er respons på arealformål i gjeldande plan og utvikling av denne, eller synspunkt på heilt ny arealbruk/konkrete innspel til planarbeidet.

Kommentar: Om desse “går vidare” eller ei avheng litt av skjebnen for konkrete innspel som merknadane de er knytt til.

6. Nabokommunar

Kun Stavanger kommune har sendt innspel til planarbeidet. Dei er opptekne av planlegging i sjø, og påpeiker behovet for betre planlegging og samordning av arealbruken i sjø mellom kommunar som deler oppdrettsområder.

Kommentar: ein er samd i at arealplanlegging i sjø bør sjåast i ein regional samanheng, og vår kommuneplan vil gå noko parallelt med fylkesplan for regional utvikling der sjø/kyst er tema.

7. 4. Grunneigarar og enkeltpersonar

Det har kome langt færre konkrete utbyggingsforslag frå grunneigar nå enn tidlegare planrevisjonar, men det er ein del og desse handlar gjerne om ønskje om hytter/hus/reiseliv. Svært mange enkeltpersonar både fastbuande og fritidsbuande har sendt inn innspel. Dette er litt på same måte som velforeningar; at dei engasjerer i konkret arealbruk/andre sine innspel i sitt nærmiljø. Som nemnd er det komne 38 merknader til innspel nr 107 om steinbrot i Knutsvikheia. Dette skjer både organisert gjennom “Redd Jøsneset”, men mesteparten av desse er enkeltpersonar som har eigedom/tilknytning til staden lokalt, og som meiner noko om arealbruken. Same gjeld til sanduttak Mele; fleire enkeltpersonar har engasjert seg der, og òg til akvakultur Sigmundstad og Breivik/Valvik.

Kommentar: Om desse “går vidare” eller ei avheng litt av skjebnen for konkrete innspel de er knytt til.

Kva tema dreier innspela seg om?

Det er **svært stort spenn i type innspel**, frå det største på ca 1400 daa nytt steinbrot Jøsneset med tilhøyrande ny tilkomstveg til “små” innspel som kan dreie seg om detaljar i føresegnar eller mindre tiltak/endringar i formål.

Det er òg **ein del innspel om å “ta ut” formål frå planen, eller òg om å ikkje “ta inn” enkelte innspel.**

Det som skiljer seg mest ut frå tidlegare kommuneplanrevisjonar er at det er mange innspel som eigentleg er **merknader/protester til andre sine innspel** som td dei 38 merknadskriva til planlagd steinbrot Knutsvikheia, fleire merknadskriv til oppdrett Breivik/Valvik og Sigmundstad og fleire merknadskriv til sanduttak Mele. Og ein del av desse merknadane kjem på vegne av fleire/større

grupperingar, men òg frå mange enkeltpersonar (sjå oversikt over). Denne type innspel har me ikkje hatt så mykje av tidlegare. Ved tidlegare revisjonar har det vore meir konkrete innspel om ulike utbyggingstiltak, gjerne frå grunneigarar eller utbyggingsselskap/næringsdrivande - og ikkje så stort **allment engasjement** om sine nærmiljø frå “folk flest”.

Dette engasjementet kan tyde på to ting

- 1) at sjølv i vår arealstore/spreiddbebygde kommune er det store arealbrukskonfliktar, og desse konfliktane er både i sjø og på land, mellom ulike næringar og mellom ulike brukarinteresser og
- 2) det betyr kanskje òg at vårt informasjonsarbeid kring kommuneplanrevisjon har blitt lagt merke til; folk flest har fått med seg at ein kan kome med innspel og at det er relevant å engasjere seg i arealbruksutviklinga.

Vurdering og konklusjon

Revisjon av kommuneplanens sin arealdel er omfattande, tid/ressurskrevjande arbeid både i forhold til prosess og dokumentasjonsgrunnlag, og forventningane og krava er like for små kommunar som store. Det mest tid- og ressurskrevjande med planarbeidet er at alle nye forslag til nye tiltak og utbyggingsforslag krev konsekvensutgreiing og risikovurdering (KU/ROS). Dersom ein samstundes meiner det er viktig å ha fokus på framdrift og ferdig plan innan hausten 2027, er det **naudsynt å gjere prioriteringar**, altså ei grovsiling på eit tidleg nivå, for å finne fram til dei viktigste tema for planen.

Arealstrategien i Kommuneplanens samfunnsdel skal vere den raude tråden mellom desse to planane; dvs korleis skal arealplanen svare ut ift ønskja samfunnsutvikling? Arealplanen skal konkretisere kva type kommune me ønskjer å vere, og skal gjenspegle satsingane frå samfunnsdelen. Arealstrategien “legg lista relativt høgt” både fordi me vil svært mykje, fordi strategiane kanskje ikkje er konkrete nok og ein finn ikkje alle svar for alle innspel i denne strategien.

Likevel er det dei prinsippa om sosial, økonomisk og miljømessig berekraft som skal leggjast til grunn, kombinert med nasjonale føringar og forventningar om arealbruk.

Arealreserve: Når me skal vurdere å ta inn nye bygge/utbyggingsformål i planen er det òg relevant å sjå på kva me har i reserve i planen frå før. Det er lagt ved ein oversikt på dette, sjå Vedlegg 3 Arealreserve. Denne viser ein tematisk oversikt over dei framtidige byggeområder som er inne i planen frå før, og korleis dei er utnytta sidan gjeldande plan blei vedtatt i 2019. Det er òg tatt med ein oversikt over utviklinga av allereie regulerte felt. Denne oversikten er det vist til i vurderinga under.

Ulike innspel om utbyggingsforslag bli omtalt temavis, oppsummert med ulike tilrådingar :

Den vidare vurderinga er bygd opp temavis, på same måte som tekstdelen i gjeldande kommuneplan er bygd opp, og på same måte som framgår av plan-og bygningslova § 11-7 om kommuneplanformål.

Bustadformål - Felt og spreidd i LNF

Det har kome langt færre konkrete forslag om bustadbygging enn tidlegare. Konkret er det 10 innspel, og desse gjeld både nye felt, utviding av eksisterande felt, enkelttomter og LNF spreidd (både nye og utviding av eksisterande) (sjå eige punkt under)

Arealstrategien er nokså tydeleg på at me skal prioritere bustadutvikling, sjølv om me har stor arealreserve på bustadformål i våre vedtekne planar . Auka folkevekst er eit svært viktig mål i

samfunnsdelen, og me skal leggje til rette for spreidd bumønster i alle grender, attraktive bumiljø og trivelege møteplasser. Men samstundes skal me sjå det i lys av forventa befolkningsutvikling, behov og reserve i gjeldande plan. Ein viser til vedlagd oversikt over arealreserve. Den viser at det alt i gjeldande planar er frifgjort store areal til bustadbygging, og behovet ser ut til å vere stetta i dei fleste grender. Anslagsvis rom for 500-600 bustader i gjeldande planar fordelt i heile kommunen, felt/spreidd. Det kan vere nyansar i dette, og behov for flytting/utviding/ending både i avgrensing og vilkår kanskje sett i lys av både behov og nye føringar. Men store grep ift nye/utvida område ser ikkje ut til å vere naudsynt.

Tilråding: Kort oppsummert meiner kommunedirektøren at sjølv om reserven er stor, så er bustadformål eit prioritert tema i planen, og alle innspel (med unntak av Fister og Hjelmeland) knytt til det, anten det er "ut" eller "inn", tilrår ein går vidare til reell 1.gongsbehandling. Samstundes bør me ta ein gjennomgang av alle område for bustadbygging, både i LNF spreidd og felt og både reguleringsplanar og kommuneplanen, og sjå om det er behov for planvaske ut urealiserte felt (td pga konflikt med dyrka mark, strandsone, naturfare el. a) - og òg sjå på avgrensing/vilkår for alle LNF-spreidd bustad-områda.

Fritidsbustader - Hyttebygging

Innspel om nye hyttefelt har hatt relativt stort fokus i tidlegare arealplanar, og det ligg allereie inne ein god del urealiserte felt både i kommuneplanen og godkjente reguleringsplanar. Sjå vedlegg: Arealreserve. Nå har det kome inn 8 ulike innspel om nye hytter, som er lite omfattande samanlikna med tidlegare planrevisjonar. Innspela går på alt frå enkelttomter til større felt på 15-30 tomter, noko som foretting av allereie påbegynte felt, og andre heilt nye, noko er knytt til strandsone og noko til snauei.

Arealstrategien gir oss ei noko meir dempa føring ift bygging av fritidsbustader enn tidlegare. Ja, me skal leggje til rette for hytter, men det skal vurderast opp mot forventa behov/utvikling - og størstedelen av utbyggingsreserven i den aktuelle krins skal realiserast før nye område blir bygd ut. Me skal òg vere restriktive ift jordvern, natur, kulturmiljø og strandsonevern, og det står spesifikt at det ikkje skal leggjast til rette for nye utbyggingsområde over skoggrensa.

Tilråding: Dette betyr at kommunedirektøren tilrår å vere svært restriktive med å leggje ut nye utbyggingsområde for hytter nå, dvs grovsile mesteparten av innspela ut nå, pluss vurderere å planvaske ut eldre/urealiserte/ikkje påbegynte hytteplanar.

Sentrumsformål

Kun eitt innspel som går på å gi rom for bustad/leiligheiter i industriområdet i Almenningen/Hjelmeland sentrum, dvs endre frå industri til bustad og/eller til sentrumsformål med moglegheit for bustad.

Tilråding: Her legg ein Områdeplan for Hjelmeland sentrum til grunn og tilrår at denne framleis skal definere sentrumsformålet inkl bustad. I det konkrete innspelsområdet tilrår ein at industri blir oppretthalde, då arealet pga lokaliseringa er meir eigna for lettindustri enn til bustad. Desse innspela blir såleis silt ut, og ikkje teke med vidare til reell 1.gongsbehandling.

Forretning:

Kun eitt konkret innspel om nytt forretningsområde, og det gjeld utviding av Årdalstunet

Tilråding: Sjølv om dette innspelet er i strid med ein del av føringane i arealstrategien, så tilrår ein å

ta det med vidare til KU/ROS pga at næringsutvikling er prioritert.

Tenesteyting: (dvs. skule, barnehage, omsorg, kyrkjer bedehus, gravplass, foramlingshus o.l)

Ingen konkrete innspel om tenesteyting. Men kommunen har ei intern arbeidsgruppe som ser på tema knytt til helse/omsorg (jf omstrukturingsprosjektet) og oppvekst. Det blir behov for arealendringar i allefall i Årdal (i området ved Omsorgsenteret) og moglegvis Hjelmeland ift. desse prosjektar.

Tilråding: Behov for areal/arealendringar eller evt. planvask ifm. prosjekta på struktur helse/omsorg skal tas med i det vidare arbeidet med arealplanen

Reiseliv dvs Fritids-og turistformål (utleigehytter, camping, hotel o.l)

I samfunnsdelen er reiseliv peika ut som ei næring som skal vektleggjast særskild . Det er kome seks konkrete innspel om nye reiselivsareal; Det går på vidareutvikling av eksisterande camping, etablering av ny, ulike typer utleigehytter, bubilparkering. I gjeldande kommuneplan ligg det ute over hundre daa urealisert framtidig reiselivsareal (fleire av de har vore med over fleire planperiodar) - ein må vurdere nye innspel òg i lys av dette og òg vurdere planvask for dette.

Tilråding: kommunedirektøren tilrår at innspel som er knytt til reiseliv går vidare til reell vurdering til 1.gongsbehandling. Det betyr ikkje nødvendigvis at alle innspel blir tilrådd, men det er relevant å foreta ei reell vurdering sett opp mot planreserven og andre viktige strategiar, som td jordvern, strandsoneforvaltning, naturfare mm. Ein finn det òg relevant at andre innspel om nye utbyggingstiltak blir vurdert opp mot eventuell konfliktgrad ift. reiseliv, ettersom dette er særskild satsingsområde.

Råstoffutvinning

Dette tema blei nyleg omhandla i Kommunedelplan Byggeråstoff, vedtatt juni 2025, som saman med Arealstrategien og nasjonale forventningar gir føringar ift prioriteringar. I gjeldande kommuneplan ligg det inne ni framtidige råstoffutvinningsområde for sand og naturstein. Ingen av desse er blitt regulert, og det er ikkje teke ut masser frå nokon av dei. Byggeråstoffplanen gir føringar for å planvaske ut fem av desse områda (RS 1, 4, 5, 6 og 7).

Det er to pågåande natursteinuttak og fleire pågåande sand/grus-uttak i vår kommune, og ingen pukkuttak. Ei av problemstillingane som blei peika på i byggeråstoffplanen var dette med forvaltninga av dei uttaka som pågår, og ferdigstilling/tilbakeføring før ein opnar nye uttak.

Råstoffutvinning - sand/grus - primært Årdal og Jøsenfjorden

Sand-og grussuttak er ei eksisterande og pågåande næring i Hjelmeland som ifl. strategien skal prioriterast. Eksisterande uttak dreier seg primært om Vadla/Østerhus i Jøsenfjorden (40 daa ope pr 2025) , samt Tveit/Ullestad/Valheim/Tjentland i Årdal(ca 230 daa ope). Dette er uttak som har pågått over lang tid, og der kommunen registrerer frustrasjon over manglande ferdigstilling/tilbakeføring, mellom anna frå grunneigarar/bygdslag. Tilbakemeldinga i forhold til status på driftsplanar, forhold til reguleringsplan og tilbakeføringsplanar er framleis manglande frå aktør. Drift av eksisterande sand og grustak dreg ut i tid. I uttaket Vadla/Jøsenfjorden har det vore stans i uttak i over 1 ½ år grunna manglande driftskonsesjon/plan. I Årdal er det aktivitet, men lite slutføring av uttaksområde. Det er meldt oppstart for regulering av eitt av områda i kommuneplanen (Svadberg), men planarbeidet har stoppa opp. Samstundes er det slik at ingen av områda som vart lagt inn til massetak ved revisjonen i 2019 er realisert. Det blir då eit dilemma i forhold til vurderingane om å

frigje nye/framtidige uttak før me har full oversikt ift eventuell ferdigstilling av dei uttaksområda som pr idag er opne.

Det har kome 3 innspel om nye sanduttak, alle frå Heidelberg: eitt nytt Storhogg, Jøsenfjorden og to i Årdal; utviding Mele og eit nytt: Tjentland (både pukk til knusing og lausmasse). Utvidingsområdet Mele ligg sentralt i Årdalsbygda, og det har kome fleire protestskriv til utvidinga.

Tilråding: Kommunedirektøren tilrår å KU/ROS-vurdere Storhogg/Jøsenfjorden vidare, men ikkje dei to nye uttaksområda i Årdal pga store konflikhtar med andre interesser og i strid med føringar i arealstrategien. Ein tilrår òg å leggje inn rekkefølgeføresegn om at uttaksområde skal ferdigstillast/tilbakeførast til ein viss prosent før ein opnar opp i nye uttaksområde.

Råstoffutvinning - Pukk/steinbrot - Knutsvikheia.

Dette formålet gjeld kun ein plass, då det pr idag ikkje er andre pågåande pukkverksområde i Hjelmeland og det var kun eitt område som blei prioritert "med vidare" frå Byggeråstoffplanen: Knutsvikheia på Jøsneset. Det er levert eitt innspel på dette tema: steinbrot Knutsvikheia, Jøsneset frå Mibau Stema, **innspel nr 107** ; uttaksområdet er definert som Nasjonalt viktig av NGU og er 1400 daa og strekk seg frå fjorden Erfjord 0 moh til opp til 269 moh. Det er skildra eit steinbrot med driftstid over ca 50 år, og med behov for ca 70-80 sysselsette i brotet. Uttaksetappane er skildra i innspelet, og maks uttak etappe 5 viser eit "krater" ut mot fjorden på kote +5 (eventuelt lågare) - etterbruk ikkje utgreidd. Uttransportering via sjøvegen til nasjonale og europeiske kunder. Trafikk på land via Jøsnesbygda vil gjelde tilsette og vareleveranse.

Dette innspelet har medført **38 merknadskriv med protester** mot uttaket, frå enkeltpersonar, organiserte grupper som td "Redd Jøsneset" velforening og frå organsiasjonar som Forum for natur og friluftsliv og Norges Miljøvernorganisasjon. Alle desse merknadane er òg postført som "innspel", men i praksis er alle desse **merknader på innsendt innspel** .

Mibau Stema har fulgt opp ift dokumentasjonskrav i Byggeråstoffplanen og har levert følgjande:

- **Arealinnspel med KU og ROS-sjekkliste : levert 10.12. 25 med oppdatert versjon datert 19.02.26**
inkl:

- Plankart i pdf
- Innspel med oppsummering frå konsekvensutredning
- Bakgrunn for valg av Knutsvikheia og ressursbeskrivelse
- Følgjande fagrapportar er levert:

Tema	Utreder
Naturmangfold på land	Asplan Viak
Myrundersøkelse med konsekvensutredning	Asplan Viak
Samfunnsmessige virkninger- ringvirkningsanalyse	Oslo Economics
Landskap	Asplan Viak
Friluftsliv	Asplan Viak
Transport og trafikk	Asplan Viak
Marint vannmiljø og naturmangfold	Asplan Viak
Vannmiljø og naturmangfold i ferskvann	Asplan Viak
Støy	Brekke & Strand
Luftkvalitet (støv)	Brekke & Strand
Folkehelse	Asplan Viak

Dei tre siste rapportane blei ettersendt i februar, saman med ei oppdatert innspel med oppsummering

av konsekvens.

Såleis er dette det innspelet som er desidert mest omfattande både reint arealmessig, men òg i forhold til mengd dokumentasjon.

Mibau gir ei omtale ift val av sjølve ressursen, eigenskaper og bruksområde og korleis denne driftsteknisk kan tas ut og uttransporterast via sjø. Skisse over uttaksetappane viser svært store inngrep i eit terreng som strekk seg frå kote 0 ved sjøen opp til kote 269 m. Ei eventuell etterbruk av arealet er usikker/ikkje utgreidd - og tilkomstveg til brotet gjennom bygda er uklart/kun grovt skissert i fire alternativ.

Byggeråstoffplanen peika på følgjande tema som kommunen ser på som særleg utfordrande; Naturverdiar/naturmangfald, konsekvens for landskap, 100m-beltet, forhold til støy/støv og nabolag og forhold til andre næringsinteresser td. akvakultur. I følge Byggeråstoffplanen er dette forhold som ny KU må gje tilfredstillande svar på før området eventuelt vert teke med i kommuneplanen.

Framlagde dokument viser positive konsekvensar av tiltaket i form av arbeidsplassar, inntekter i form av inntektskatt/eiendomsskatt/konsesjonsinntekt og dermed verdiskaping over fleire tiår, jf økonomisk ringverknad-rapport v/ Oslo Economics, men dokumenta viser òg at det blir eit svært stort inngrep i relativt urørt natur med negativ konsekvens for natur, friluftsliv, folkehelse med meir: største irreversible enkeltinngrep me nokon gong har hatt i Hjelmeland.

Konsekvens i forhold til trafikk er omtalt, og fire ulike alternativ er vurdert, men ikkje utgreidd og ikkje endeleg konkludert. Uansett vil dette vera eit omfattande tema som vil krevja eit omfattande utgreiingsarbeid om innspelet skal med vidare i arbeidet mot 1. gongsbehandling.

Kommunedirektøren sin kommentar: Kommunestyrevedtaket i Byggeråstoffplanen gir ikkje eit eintydig råd til arealdelen fordi vedtaket legg opp til at det skal **vurderast** vidare inn i arealdelen basert på meir kunnskap ift. konsekvensane. Innspelet frå Mibau Stema er på mange område godt utgreidd, men det er ikkje fullstendig, og kommunedirektøren ser at det eit stort behov for meir utgreiingar om forslaget skal med vidare. Konsekvensvurderingane frå Mibau Stema gir berre ein del av grunnlaget for å vurdera om innspelet skal silast vidare eller ikkje.

Samfunnsdelen legg opp til næringsutvikling med basis i dei eksisterande næringar der reiseliv skal særleg vektleggjast, og med eit mål om attraktive grender og bumiljø. Det er òg lagt stor vekt på berekraftsprinsippa i arealstrategien. Råstoffutvinning i form av sanduttak er ei eksisterande næring i kommunen, ein uttaksform ein har erfaring med frå fleire bygder, jf avsnitt over. Uttak av stein er òg råstoffutvinning, men det innspelet Mibau Stema har for Knutsvikheia er likevel noko nytt for Hjelmeland både pga dimensjon/omfang, uttaksmengd, landskapskonsekvens og i forhold til mogleg etterbruk. Det er òg nytt i den forstand at det opnar opp for industriverksemd i ein heilt ny del av kommunen, nordsida av Jøsneset er pr idag prega av stort samanhengjande naturområde med lite inngrep og særsvak infrastruktur. Tiltaket vil òg utfordre forholdet til eksisterande næringar i kommunen som er definert som viktige; havbruk, landbruk og reiseliv/service/handel - og "triggar" ift målet om attraktive bygder og trygge bumiljø, både i vår kommune, men òg nordover til etablert busetnad i Suldal kommune. Kommunen har òg gjennom mange år lagt vel til rette for hyttebygging, òg på Jøsneset og då særskild konsentrert i Knutsvik-området. Hyttebygging har heilt klart vore ei vilja satsing og ønskja utvikling frå kommunen si side, som ein nå må ta "ansvar for" ift framtidige arealprioriteringar.

Pukk er eit viktig byggeråstoff, ikkje berre regionalt og nasjonalt, men også internasjonalt. Rogaland er ein stor leverandør av byggeråstoff, og ein stor del av produksjonen frå uttaksområda på Berakvam i Suldal og Nordmarka i Strand går til eksport. NGU har peika på at Knutsvikheia er ein ressurs med stor verdi. Det betyr at det er viktig å ta vare på ressursen. Det er ikkje det same som at det er viktig å utvinne ressursen nå. Kommunedirektøren meiner at ein for slike arealkrevande

næringar som også har betydning utover våre grenser, bør vurderer arealbruken i eit større perspektiv. I vår region er det som nemnd allereie to store uttaksområde, eit i Strand og eit i Suldal. I Suldal kommune sin kommuneplan er det lagt inn ei større utviding av uttaksområdet på Jelsa på snaue 1900 dekar, og området er under regulering. Vår region vil ta ansvar for å levera denne typen byggeråstoff i lang tid framover, også utan at det blir opna opp eit heilt nytt område i Hjelmeland nå.

Tilråding:

Kommunedirektøren legg nasjonale føringar for næringsutvikling til grunn, og meiner utviklinga bør skje i eit større, regionalt perspektiv der omsyn til miljø, berekraftig ressursutnytting og andre samfunnsinteresser blir sett i ein enda større heilskap. I byggeråstoffplanen tilrårde kommunedirektøren å ta vare på ressursen i Knutsvikheia ved hjelp av ei omsynssone i kommuneplanens arealdel, men ikkje leggje det ut som eit uttaksområde nå.

Kommunedirektøren finn framleis rom for å kunne tilrå likt som til Byggeråstoffplanen, grunngjeve i kommentaren ovanfor + nasjonal føring 43 som seier at "viktige mineralforekomster sikres i regionale og kommunale planer, og utvinning avveies mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser". Tilrådinga er at me sikrar ressursen med omsynssone på heile arealet for å hindre nedbygging med andre formål. På den måten følgjer me opp nasjonal føring og sikrar ressursen for framtidige generasjonar. Det betyr at ein i framtida kan ta spørsmålet om uttak til ny vurdering, då ressursen framleis vil vere sikra og av nasjonal interesse. Den geologiske ressursen er ikkje-fornybar. Slik sett blir den ikkje mindre verdifull i framtida.

Næringsverksemd/industri

Næringsutvikling er eit stort, viktig og utfordrande tema, og heng òg saman med andre næringar/planformål som nemnd ovanfor som til dømes reiseliv (fritids-og turistformål), forretning, hyttebygging og råstoffutvinning, samt tema under t.d. akvakultur. Alt dette definererast som næringsutvikling, som er eit satsingsområde. Næringsverksemd/bebyggelse er eit eige utbyggingsformål som i vår kommuneplan definerast som område med produksjonsverksemd, service/verkstader, industri/lettindustri, handtverk, oa. I gjeldande kommuneplan 2019 er det ein arealreserve på ca 165 daa, fordelt på ulike felt i kommunen. Desse er uregulert og urealisert.

Det har kome fem ulike innspel om nye/konkrete næringsområder og/eller utviding av eksisterande, og mange merknader til korleis kommunen skal utvikle/forvalte dei områda som allerie er frigjort som td utviklinga på Viganeset. Dei fem innspela er kome frå næringsforening, bygderåd og næringsdrivande. For å få til næringsutvikling er det viktig at kommunen gjennom arealplanlegginga legg til rette areal for næringsverksemd, men for å sikra eit god samfunnsutvikling totalt sett er det viktig å legge desse areala på rett plass.

Det betyr at ein ikkje berre kan sjå på om arealet er eigna til føremål i seg sjølv, men også korleis omgjevnadane blir påverka av de planlagde industriltaka jf. målet om gode og trygge bumiljø, korleis logistikken kan løysast med meir. Næringsaktørar som ønskjer å etablere seg i eit område er heller ikkje tente med at kommunen planlegg industriområde som medfører stort konfliktpotensiale mellom ulike brukarinteresser. Næringsutvikling er eit satsingsområde, og det medfører at kommunen må gjera grundige vurderingar av kor ein ønskjer å leggje til rette for industri/næringsverksemd.

I samfunnsdelen er det vedtatt at Viganeset og Svadberg er prioriterte industriområde.

Samstundes viser det seg at vidareutviklinga på begge stader er krevjande:

Viganeset, Hjelmeland: For Viganeset er det utarbeidd ei grov/overordna ROS, jf vedlegg, som

konkluderer med at vidare utvikling av trafikkgenererande verksemdar ikkje er tilrådeleg for Viganeset utan eventuell oppgradering av vegnettet. Sjølv med ei oppgradering av vegen (som kan ta fleire år å realisere), kan Viganeset vere eit utfordrande område å prioritere; noko som gjenspeglar seg i innspel til planarbeidet og stort engasjement kring pågåande enkeltssaker. Pr. idag er Viganeset industriområde dårleg utnytta og ein god del av arealet blir nytta til deponi/mellomlagring av masser, noko det ikkje var tiltenkt som. Utvidingsmoglegheitene har i mange år vore knytt til areal på Vignaneset nord, som relativt nyleg er nydyrka og såleis nå i strid med jordvernmålet. Fortrinnet for Viganeset er at det nå etablerast god tilgang på straum.

Det har kome innspel om å utvide industri/næringsområdet på Viganeset, både sørover og austover. Og eitt innspel handlar om heilt ny vegtilkomst frå RV13 til Viganeset via Viga, og må sjåast i samheng med dei andre innspela for utvidingsområde - og opp mot andre brukarinteresser i området. Samstundes er det nasjonale føringar og forventningar om at me skal utnytte dei frigjevne/regulerte områda betre før me opar nye - og dette er òg nedfelt i vår eigen arealstrategi.

Svadberg, Årdal: I motsetnad til Viganeset er utfordringa for Svadberg nok tilgang til straum for energikrevjande verksemd. Svadberg har lang tradisjon som industriområde, og her kan liggje moglegheiter både i transformasjon og betre utnytting av eksisterande/frigjevne areal og i forhold til nyleg etablert djupvasskai. Tilkomsten til industriområdet er langt enklare, kort avstand frå RV13. Men industriområda her ligg omkransa av fulldyrka jord, og utvidingspotensialet kan lett gå ut over målet for jordvern.

Kommunedirektøren sin kommentar: Ein del av innspela som er komne handlar om store areal. Kommunedirektøren ser behov for å gjere fleire ting på ein gong; både prioritere dei me har + undersøkje moglegheita for nye areal ettersom dei to prioriterte har sine framtidige utfordringar. Dette er vanskeleg, når me samstundes har nasjonale føringar og eigen arealstrategi som går på å samlokalisere, utnytte bedre den reserven me har før opning av nye, sterkt jordvern osv.

Som ein oppfølging av vedtak i FSK-sak 110/24, blei det, etter drøftingar mellom næringslivet, Hjelmeland kommune og Ryfylke IKS/New Kaupang AS avtalt at det skulle utarbeidast ein oversikt over alternative kandidatar for utvikling av næringsareal og alternative utviklingsmodellar. Som følge av dette har New Kaupang levert ein rapport (vedlagt) som kan nyttast som eit av fleire grunnlag i arbeidet med å planleggja nye næringsareal. Denne rapporten ser først og fremst på kor godt eigna areala er for næring, og har i svært liten grad vurderingar ift. konsekvens eller kryssande arealbruksinteresser.

Tilråding: Kommunedirektøren legg føringar i kommuneplanens samfunnsdel til grunn: Næringsutvikling, herunder areal for næringsverksemd, er ei prioritert oppgåve. Dette tema må prioriterast med vidare i planarbeidet, men som nemnd vil det vera ressurskrevande å utgreia dette temaet grundig nok. For at ein skal ha rom for å fokusera på dette vil det vera naudsynt å kunne nedprioritere andre tema, som t.d. fritidsbustader. Ein tilrår at alle innspel som har kome blir silt med vidare til reell 1.gongsbehandling. Det betyr ikkje nødvendigvis at alt blir tilrådd, men ein får då høve til å sjå temaet i ein større samheng.

Naust og småbåthamner

Det er få konkrete innspel om naust og/eller småbåthamner. Etter kommunedirektøren sitt syn bør det satsast på fellesanlegg, som er ei vidareføring frå gjeldande plan.

Tilråding: tema er ikkje prioritert, innspel går ikkje vidare til reell 1.gongsbehandling.

Grav-og urnelunder, Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, Riksveg 13 og andre vegar/p-plasser, kaiar

Svært lite innspel om desse tema, men det er litt ift vegar og p-plass.

Tilråding: Få innspel. Aktuelt å vurdere vidare det som handlar om veg og parkering

Grøntstruktur - Natur, turdrag og friområde

Det er kome sju ulike innspel om desse tema. Dette skiljer seg litt ut frå tidlegare revisjonsrundar, og kan tyde på at det er meir engasjement kring dette tema. Innspela går på både tilrettelagde friluftsområde (som td holmar/skjær i sjø), men òg innspel om område som bør frihaldast frå inngrep som reine naturområde.

Tilråding: Ein finn det relevant å ta med desse tema vidare, (med unntak av innspel om å ta ut grøntstruktur G2 langs sjøen i Hjelmelandsvågen) fordi det er i tråd med arealstrategien, (td ift balansen bruk og vern, tydelege skilje mellom store natur-og utmarksområde og utbygging) , måla i naturmangfaldplanen, nasjonale føringar og fordi noko er i tråd med tiltaksplan for villrein (politisk behandla i kommunen). Heller ikkje for dette tema betyr det at det konkret blir tilrådd til 1.gongsbehandling, men relevant å ta med i den vidare behandlinga.

Landbruk, natur og friluftsområde og spreidd bustadbygging i LNF

Dette er faktisk det største formålet i kommuneplanens arealdel. Alt areal som er lysegrønt på plankartet er LNF, der stadbunden næring landbruk, natur og friluftsliv skal prioriterast. Dette må ein ha ein medviten tilnærming til i det vidare planarbeidet, og heng saman med strategien om tydelege skilje og balanse mellom vern og bruk, natur og utbyggingsområde.

Tilråding ift område for spreidd bustadbygging i LNF: dette er eit viktig verkty for å oppnå målet om auka folketal og fast busetnad i alle grendene våre. Kommunedirektøren tilrår å vurdere å oppretthalde dei områda for spreidd bustadbygging me alt har, men vurdere dei nærare opp mot omsyn til naturmangfald og naturfare (ROS). Alle innspel om spreidd bustad blir såleis tatt med/vurdert vidare inn til reell 1.gongsbehandling, og må sjåast i lys av den arealreserven me alt har ift bustadbygging. Sjølv om det er stor arealreserve på bustad, er dette eit prioritert tema og ein tilrår å ta ein gjennomgang av desse felte sett i samanheng med feltutbygging bustad.

Spreidd fritidsbustad i LNF: Dette utgjer ikkje store areal, stort sett enkelthytter spreidd i kommunen, lite press og lite realisering i desse områda. Få innspel.

Tilråding: Vurdere temaet i lys av ny arealstrategi, naturmangfald, naturfare og arealreserve - og avvege planvask - oppretthalding

Akvakultur

Dette er òg ei eksisterande, pågåande og prioritert næring. Det er sett av mange akvakulturområde i gjeldande plan, og òg her er det slik at mange av desse ikkje er realiserte; kanskje på "feil plass" , for avgrensa, ikkje tilpassa dagens driftsteknikkar og behov. Og på andre sida er det stor interesse for etablering på enkelte lokalitetar som Breivik/Valvik og Sigmundstad, og tilsvarane stort "mot-engasjement" knytt til desse (pågåande søknadsprosessar). Det har kome åtte innspel både frå næringsaktørar (Sterling, Mowi og Grieg Seafood), men og mange merknader til konkrete lokalitetar.

Tilråding: Det er ei tydeleg føring i arealstrategien at me skal avklare ulike brukarinteresser i sjø, og difor tilrår ein at alle innspel som handlar om akvakultur (både "inn" og "ut" - for og imot) blir tatt med for ei reell KU/ROS- vurdering til 1.gongsbehandling. Dette betyr ikkje at alle innspel og merknader blir imøtekomne/tilrådd, men at ei gjer ei nærare utgreiing av dette tema

Gjeldande reguleringsplanar og behov for planvask: Ein god del av dei eldre reguleringsplanane er bygd på eit langt dårlegare kunnskapsgrunnlag både ift naturverdiar og naturfare/samfunnsrisiko kommunedirektøren tek sikte på får gjere ein gjennomgang av eldre/urealiserte reguleringsplanar og vurderer planvask, og då særskilt på dei tema/formål som er ikkje-prioritert i denne saka (som td gamle hytteplanar).

Kommunen sine arealbehov :

Det er nedsett fire administrative arbeidsgrupper som skal sjå nærare på kommunen sine egne behov for areal ift tenesteytinga framover. Gruppene er inndelt etter tema/fagområde: 1) Helse/omsorg/umulj 2) Oppvekst 3) Idrett/friluftsliv/folkehelse og 4) næring. Gruppene består av tilsette frå dei ulike einingane/fagområda, og såleis blir planarbeidet tverrfagleg og tett knytt opp mot dei ulike tenesteleverandørane i kommunen. Gruppene har allereie hatt møter, og td vil pågåande prosjektet innan helse og omsorg bli fletta inn i arbeidet med arealdelen; td framtidig arealbruk ved omsorgsenteret i Årdal (td endre frå institusjon til bustadformål) og samordning ift kva type/struktur td bustad, skule og idrettsanlegg me vil ha framover.

I denne silesaka ser ein ikkje behov for å omtale konkret ulike forslag som er kome opp (som varierar i store og små), men kommunedirektøren informerer med dette at ein vil prioritere òg kommunen sitt eige arealbehov fram mot reell 1.gongsbehandling av planen. Dei av arealbruksformåla som går på moglege utbyggingsformål, må i såfall KU/ROS-vurderast før reell behandling.